

Til fastlegar
i Helse Fonna sitt opptaksområde

Dykkar ref.:
«REF»

Vår ref.:
2020/4302 - 11053/2023

Sakshandsamar:
Reidun Rasmussen Mjør

Dato:
14.03.2023

Nye rutinar for tilvising til spesialisthelsetenesta innan psykisk helsevern

Frå **17. april 2023** blir det endring i tilvisingspraksis til spesialisthelsetenesta innan psykisk helsevern. Endringane inneber at:

- Du som fastlege ikkje lenger skal sende tilvisingar direkte til avtalespesialistar innan psykisk helsevern, men direkte til Helse Fonna for rettighetsvurdering.
- Det berre skal sendast ei tilvising per pasient.
- Du vil få informasjon frå helseføretaket om kva elektronisk adresse du skal bruke.
- Du som fastlege må huske å informere pasienten om at vedkomande vil kunne få helsehjelp ved ein anna behandlingsstad enn der tilvisinga blir sendt og vurdert. Det må derfor gå fram av tilvisinga at pasienten har gitt samtykke til dette.

Omfang av endringane

Endringane gjeld både vaksne og unge og barn, med unntak av tilvisingar med somatiske problemstillingar innanfor nevropsykologien. Desse kan sendast direkte til privatpraktiserande nevropsykologar som før.

Litt om bakgrunn for endringane

Formålet med endringa er å sikre pasienten sine rettar. Helseføretaket skal vurdere om pasienten har rett til nødvendig helsehjelp eller ikkje innan vurderingsfristen på 10 dagar. Vidare skal endringa sikre at pasientar som får rett til nødvendig helsehjelp skal få ein frist for når behandlinga seinst skal bli gitt. Pasientar som ikkje får tilbod om hjelp i spesialisthelsetenesta skal få ei nærare forklaring på avslaget. Vidare skal pasienten få informasjon om høve til å klage og klagefrist.

Konsekvensar for avtalespesialistane

Endringane fører til at privatpraktiserande spesialistar med avtale med Helse Vest RHF (avtalespesialistar) berre vil tilby behandling til pasientar som har rett til nødvendig helsehjelp, tildelt etter rettighetsvurdering i helseføretaket.

Rett til val av behandlingsstad

Vi minner om at pasient- og brukerrettighetsloven §2-4 *rett til val av behandlingsstad*.

Av føresegna går det fram at pasienten kan velje at tilvisinga blir rettighetsvurdert ved eit bestemt helseføretak. Pasienten kan også velje om behandlinga skal finn stad ved eit bestemt helseføretak, eit bestemt privat DPS eller hos ein bestemt avtalespesialist. Dette må i så fall gå fram av tilvisinga.

Venleg helsing
Helse Fonna

Kenneth Eikeset
klinikkdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent av: Kenneth Eikeset Klinikkdirektør

UTSIRA KOMMUNE
TYSNES KOMMUNE
SVEIO KOMMUNE
TYSVÆR KOMMUNE
BOKN KOMMUNE
HAUGESUND KOMMUNE
SULDAL KOMMUNE
SAUDA KOMMUNE
STORD KOMMUNE
VINDAFJORD KOMMUNE
ULLENSVANG KOMMUNE
KARMØY KOMMUNE
ETNE KOMMUNE
FITJAR KOMMUNE
BØMLO KOMMUNE
KVINNHERAD KOMMUNE